



Espira Marthahaugen barnehage  
Ådlandsvegen 325  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3525 - 14/19894

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
16.12.2014

## Endeleg vedtak om tilskot til drift og kapital for 2013.

*«Med bakgrunn i Forskrift om likeverdig behandling i høve til offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar har Meland kommune gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr 8 930 281 til Espira Marthahaugen barnehage for 2013.»*

**Meland kommune viser til Lov om barnehager, Lov om endringer i barnehageloven (finansiering av ikke-kommunale barnehager) og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager:**

Frå 2011 vart barnehagesektoren rammefinansiert. Drifts- og kapitaltilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert utbetalt av kommunen. Tilskotet skal utgjera ein prosentsats av det som tilsvarande kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottek i offentlig finansiering.

Ved utrekninga av tilskotet har kommunen lagt til grunn Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Grunnlag for vedtaket som ligg føre i høve til drifts- og kapitaltilskot til ordinære ikkje-kommunale barnehagar er det kommunale rekneskapet for 2013.

Berekning av det endelege drifts og kapitaltilskotet er gjort slik:

1) Tilskot pr omrekna heildagsplass for 2013:

Små born (0-2 år)	Kr 148 585
Store barn (3-5 år)	Kr 70 178
Kapitaltilskot:	Kr 4 100

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	frå årsmeldinga 15. des. 2012
Små born (0-2 år)	34,0
Store barn (3-5 år)	58,5
Sum	92,5

3) Minimumstilskotet for perioden 1. januar til 31. juli er 92%.

Minimumstilskotet for perioden 1. august til 31. desember er 96%.

Gjennomsnittlig minimumstilskot for året totalt er 93,67%.

Espira Marthahaugen barnehage får utbetalt minimumstilskot.

4) Tilskot for 2013 vert basert på nøkkeltala over, kr 8 930.281,-.

Herav kr.8 575 144,- til drift og kr.355 137,- til kapital.

5) Basert på budsjett for 2013 er det utbetalt akonto tilskot for 2013 med kr 9 614.122,-.

Netto utbetalt for mykje til avrekning er difor kr 683 841,-.

Vedlegg 1. Oversyn på berekning av tilskotsatsar for 2013.

Vedlegg 2. Utrekning av kapitaltilskot.

Dette er et enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan påklagast. Du har rett til å sjå dokument i saka. Klagefristen er tre veker frå de mottok brevet. Klagen vert sendt til Meland kommune.

Mailadressa er: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) Fylkesmannen er klageinstans.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Espira Marthahaugen barnehage

Ådlandsvegen 325 5918

FREKHAUG